

# Generelle vilkår for FoU-prosjekt

**Generelle vilkår for FoU-prosjekt er ein integrert del av alle FoU-kontraktar for bidragsfinansiert forsking som blir inngått med Forskningsrådet.**

Følgjande generelle vilkår gjeld frå 01.01.2012 dersom anna ikkje er skriftleg avtalt.

## ► 1 Viktige omgrep

**Administrativt ansvarleg:** Den stillingsinnehavaren som har fullmakt til å representere og forplikte prosjektansvarleg overfor Forskningsrådet.

**Avtaledokument:** Det dokumentet som partane signerer og som inneheld avtalte presiseringar og reguleringar for prosjektet.

**Faktiske inntekter:** Ressursar til gjennomføring (finansiering) av prosjektet, herunder finansielle midlar og verdien av lokale, forskingsinfrastruktur og personellressursar.

**Faktiske kostnader:** Utgifter som blir utbetalt av prosjektet og utgifter som kan knytast til prosjektet og som ikkje utløysar ei utbetaling frå prosjektet, herunder utgifter til lokale, forskingsinfrastruktur og personellressursar.

**Finansieringsplan:** Oppstilling over forventa faktiske inntekter i prosjektet.

**Force majeure:** Uførseielege og ekstraordinære omstende utanfor partane sin kontroll.

**Forskningsinfrastruktur:** Vitskapleg utstyr, laboratorium, pilotanlegg, elektronisk infrastruktur, vitskaplege databasar (inkl. tidsseriar), vitskaplege samlingar m.m.

**Forskningsutførande stad:** Stad/eining der prosjektet blir gjennomført i regi av prosjektansvarleg.

**FoU:** Forsking og utvikling.

**Framdriftsplan:** Tidsplan for gjennomføring av hovudaktivitetar/milepålar innan prosjektet.

**Generelle vilkår for FoU-prosjekt:** Det dokumentet som inneheld Forskningsrådets gjeldande generelle vilkår for FoU-prosjekt.

**Hovudmål og delmål:** Beskriving av kva resultat ein ventar å oppnå i løpet av prosjektperioden.

**Immaterielle rettar:** Alle rettar til tekniske løysingar, metodar, prosessar og prosedyrar anten desse er patenterte, kan patenterast eller ikkje, samt alle opphavsrettar og rettar til varemerke, design, planteslag, databasar, krinsmönster, teikningar, spesifikasjonar, prototypar, bedriftsløyndomar og liknande.

**Kommersiell utnytting:** Direkte eller indirekte bruk av prosjektresultat i utvikling og marknadsføring av produkt/teneste eller prosess basert på prosjektresultat, eller overdraging og/eller lisensiering av prosjektresultat til tredjemenn, unnateke forlagsutgiving.

**Kontrakt:** Avtaledokumentet, prosjektbeskrivinga, Forskningsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt og eventuelle avtalte tilleggsdokument, utgjer til saman kontrakten.

**Kontraktspartar:** Forskningsrådet og prosjekt-ansvarleg.

**Kostnadsplan:** Oppstilling over forventa faktiske kostnader i prosjektperioden.

**Milepåle:** Tidspunktet for når hovud-/delmål i prosjektet, særskilde aktivitetar eller hendingar skal vere nådde ut frå framdriftsplanen.

**Part/Partane:** Prosjektansvarleg og Forskningsrådet, individuel eller samla.

## ► 2 Prosjektet

**Prosjekt:** Den samla aktiviteten som er omfatta av søknaden / den samla aktiviteten som etter avtaleinngåinga er omfatta av kontrakten.

**Prosjektansvarleg:** Den institusjonen, bedrifta eller verksemda som overfor Forskingsrådet er ansvarleg for at prosjektet blir gjennomført i høve til kontrakt. I særtilfelle kan prosjektansvarleg vere ein person.

**Prosjektbakgrunn:** Den kunnskapen, under dette immaterielle rettar, som prosjektansvarleg og samarbeidspartnerane tek med seg inn i prosjektet.

**Prosjektbeskriving:** Fagleg og administrativ plan for gjennomføring av prosjektet.

**Prosjektleiar:** Den personen som på vegner av prosjektansvarleg skal ta seg av den faglege framdrifta og gjennomføringa av prosjektet.

**Prosjektperioden:** Den perioden som prosjektet blir utført i og som er nærmare definert i avtaledokumentet.

**Prosjektrekneskap:** Rekneskapen frå prosjektansvarlege over dei faktiske inntektene og kostnadene i prosjektet.

**Prosjekteresultat:** Alle resultat som er skapte eller oppnådde i samband med prosjektet, under dette immaterielle rettar, uavhengig av om resultata er verna av lovgivinga.

**Prosjektsamdrag:** Kortfatta beskriving av prosjektet som blir offentleggjort for ålmenta.

**Samarbeidsavtale(ar):** Avtale(ar) som regulerer m.a. arbeidsform, rettar og plikter mellom prosjektansvarleg og samarbeidspartner(ar) som pliktar å ta del i prosjektet.

**Samarbeidspartnerar:** Institusjonar, bedrifter og verksemder (eventuelt med namngitte personar) som Forskingsrådet i kontrakten med prosjektansvarleg har stilt som vilkår skal ta del i prosjektet med faglege og/eller økonomiske ressursar.

**Samarbeidsprosjekt:** Prosjekt der prosjektansvarleg samarbeider med ein eller fleire samarbeidspartnerar.

**Søknad:** Oppmoding frå prosjektansvarleg om støtte til prosjekt.

**Tilsegn:** Vilkårbunde løfte frå Forskingsrådet om finansiering.

**Tilskot:** Bindande løfte om finansiering frå Forskingsrådet.

### 2.1 Prosjektgjennomføring

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med kontrakten, under dette m.a den prosjektbeskrivinga, framdrifts-, kostnads- og finansieringsplanen som er skriftleg avtalt mellom partane.

Dersom Forskingsrådet ikkje gjer krav på utarbeiding av særskilt avtaledokument og har godteke søknaden, skal prosjektet gjennomførast i høve til søknaden og Generelle vilkår for FoU-prosjekt.

Prosjektansvarleg skal utan ugrunna opphald skriftleg rapportere til Forskingsrådet vesentlege avvik i forhold til kontrakten. Melding om slike forhold skal ikkje utsetjast til framdriftsrapporteringa.

Forskingsrådet skal vurdere kva verknader slike vesentlege avvik skal få for kontraktsforholdet, jf. punkt 3.4 og 13 og eventuelt skriftleg godkjenne avvika. I så tilfelle skal avvika behandlast som kontraktsendring i høve til punkt 14.

Prosjektansvarleg pliktar å førebyggje risiko for interesse- og habilitetskonfliktar i prosjektet, under dette sikre at den som er tilsett i eller engasjert i prosjektet ikkje får ta del i behandling eller avgjerder av spørsmål som har så mykje å seie for vedkommande sjølv eller nærståande at vedkommande må sjåast å ha ei framståande personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Like eins pliktar prosjektansvarleg å sikre at den som er tilsett eller engasjert i prosjektet ikkje tek del i behandling eller avgjerder av spørsmål der det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekkje tilliten til om vedkommande er upartisk.

Prosjektansvarleg pliktar å følgje gjeldande lover og forskrifter, anna offentleg regulering, etiske retningslinjer, samt godkjende kvalitetsstandardar og normer for god forskingsskikk.

Prosjektansvarleg pliktar å skaffe fram dei midla som inngår i finansieringsplanen og som ikkje kjem frå Forskingsrådet.

Prosjektansvarleg kan engasjere underleverandørar til gjennomføringa av einskilde oppgåver i prosjektet i høve til dei rammene som følgjer av avtaledokumentet og/eller prosjektbeskrivinga. Bruk av underleverandørar fritek ikkje prosjektansvarleg frå sine forpliktingar og ansvar i høve til kontrakten. Underleverandørar kan ikkje tilståast rettar til prosjektresultat.

Prosjektansvarleg pliktar å sikre at alle som gjer eit arbeid i prosjektet, respekterer dei rettane og forpliktingane som følger av kontrakten.

## **2.2 Prosjekt med samarbeidspartnarar**

Prosjektansvarleg pliktar å inngå samarbeidsavtalar med samarbeidspartnar(ar) som regulerer dei gjensidige rettane og pliktene til prosjektansvarlege og samarbeidspartnar(ar), jf. m.a. punkt 7.2.2. Dersom ikkje anna er skriftleg avtalt, skal slike samarbeidsavtalar ligge føre innan tre månader etter at Forskningsrådet har oversendt kontrakten til prosjektansvarleg, og alltid før utbetaling frå Forskningsrådet kan skje.

Forskningsrådet kan i avtaledokumentet stille særlege krav til samarbeidet.

Prosjektansvarleg er ansvarleg for at samarbeidsavtalen samsvarer med vilkåra og føresetnadene i kontrakten, og at samarbeidspartnarane til kvar tid er kjent med alle relevante delar av kontrakten.

Eventuelle endringar i samansetjinga av samarbeidspartnarar, slik dei går fram av avtaledokumentet, føreset Forskningsrådets føregåande skriftlege godkjenning.

Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane kan inngå avtale med underleverandørar om gjennomføringa av einskilde oppgåver i prosjektet i høve til dei rammene som følgjer av avtaledokumentet og/eller prosjektbeskrivinga. Reglante i punkt 2.1 nest siste og siste avsnitt gjeld tilsvarende.

## **► 3 Utbetaling, overføring og etterhald**

### **3.1 Utbetaling**

Før utbetaling kan skje må kontrakten vere undertekna av begge partar og Forskningsrådet skal ha motteke kontrakten og kopi av eventuelle samarbeidsavtalar. Vidare skal opplysningar om bankkontonummer etc. til prosjektansvarleg vere motteke av Forskningsrådet på den måten Forskningsrådet vil ha det. Forskningsrådet betaler tilskotet til den oppgitte kontoen.

Med mindre anna er skriftleg avtalt, skjer utbetaling automatisk tertialsvis på grunnlag av avtalt finansieringsplan og Forskningsrådets tilskot.

Prosjektansvarleg pliktar å kontrollere at utbetalte sum er i samsvar med Forskningsrådets tilskot, jf. avtaledokumentet artikkel 6.2, og tilbakebetale eventuelt for høgt utbetalte beløp omgåande.

Ordninga med automatisk utbetaling kan stansast dersom Forskningsrådet finn at gjennomføring av prosjektet bryt vesentleg med kontrakten eller at dette er nødvendig av andre grunnar, jf. også punkt 3.4. Forskningsrådet heldt att siste tertialutbetaling inntil sluttrapport er levert og godkjent, jf. punkt 5.2.

### **3.2 Ubrukte midlar frå det einskilde budsjettåret**

Dersom særlege forhold ligg føre, kan ubrukte midlar, med Forskningsrådets skriftlege samtykke, overførast

frå eitt budsjettår til det neste. Grunngitt oppmoding om slik overføring skal sendast Forskningsrådet saman med framdriftsrapport eller på annan skriftleg måte seinast ved utgangen av det kalenderåret midla er gitt for. Dersom det ikkje er gitt samtykke til slik overføring, går desse midla ut av den løyvde summen. Dersom desse midla allereie er utbetalte, kan Forskningsrådet redusere tilskotet for neste år med tilsvarende sum eller krevje at ubrukte midlar blir tilbakebetalte.

### **3.3 Tilbakebetaling av ubrukte midlar ved sluttrapportering**

Det skal gå fram av sluttrapporten om dei faktiske kostnadene er lågare enn det som følgjer av kostnadsplanen og dei utbetalte summane. Eventuelle ubrukte, ikkje utbetalte midlar, skal tilbakeførast Forskningsrådet. Dersom midla er utbetalte, skal dei tilbakebetalast på den måten Forskningsrådet viser til.

### **3.4 Atterhald**

Tilskot blir gitt berre for eitt budsjettår om gongen slik at eventuelle tilsegner for etterfølgjande år ikkje er bindande for Forskningsrådet med mindre dette er særskilt slått fast i avtaledokumentet.

Utbetaling av tilskotet første år og innfriing av eventuelle tilsegner for etterfølgjande år føreset at:

- Forskningsrådet har dei nødvendige midla til rådvelde til formålet
- det ikkje skjer endringar i offentlege reguleringar (regelverk, standardar, lover m.m.) eller oppstår andre upårekna omstende som har særleg å seie for gjennomføring av prosjektet eller Forskningsrådets evne til å medverke til dette

Vidare føreset innfriing av Forskningsrådets tilsegn må at følgjande forhold er oppfylte:

- det ikkje ligg føre særlege avvik, jf. punkt 2.1
- Forskningsrådet godkjenner framdriftsrapporten frå prosjektansvarlege, jf. punkt 5.1

Dersom ein eller fleire av desse føresetnadene ikkje er oppfylte, kan Forskningsrådet stanse eller endre framtidige tilskot og tilsegner. Forskningsrådet kan vidare dra tilbake heile eller delar av utbetalte tilskot, eller heve kontrakten i høve til punkt 13 nedanfor dersom vilkåra for dette ligg føre.

Forskningsrådet har like eins rett til å trekke tilbake heile eller delar av utbetalte tilskot, og/eller stanse eller endre eventuelle føreståande tilskot og tilsegner dersom prosjektet får tilført offentleg finansieringsstøtte frå andre enn Forskningsrådet etter at kontrakten er undertekna, under dette oppnår skattefrådrag i høve til SkatteFunn-ordninga, og slik støtte ikkje var føresett i finansieringsplanen.

Prosjektansvarleg pliktar utan grunnlaust opphald å informere Forskningsrådet dersom prosjektet mottek slik offentleg finansieringsstøtte.

## ► 4 Rekneskap og kontroll

### 4.1 Rekneskapsføring

For alle prosjekt skal prosjektansvarleg føre ein eigen prosjektrekneskap over faktiske inntekter og kostnader. Faktiske inntekter og kostnader skal vere del av den offisielle rekneskapen til prosjektansvarleg.

Rekneskapsføringa skal haldast løpende à jour. Opplysningar som har noko å seie for utarbeiding av pliktig rapportering, skal likevel vere registrert innan dei tidsfristane som gjeld for rapportering. Prosjektrekneskapen skal oppfylle dei krava Forskningsrådet fastsetter i retningslinjer.

### 4.2 Kontroll og reaksjonar

Forskningsrådet og Riksrevisjonen har til kvar tid rett til å kontrollere at dei løyvde midla blir nytta i høve til kontrakten. På oppmøding frå Forskningsrådet eller Riksrevisjonen skal prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar legge fram vedlegg, timelister, utrekningar og anna relevant underlagsmateriale som Forskningsrådet og/eller Riksrevisjonen etterspør for å utføre den nemnde kontrollen. Dersom kontrollen avdekkjer at midla ikkje blir brukte i høve til kontrakten, skal utbetaling av midlar stoppast og utbetalte midlar tilbakebetalast i den grad Forskningsrådet krev det. Forskningsrådet kan også stanse vidare utbetalingar til andre prosjekt som er avtalt mellom kontraktspartane.

## ► 5 Rapportering

### 5.1 Framdriftsrapportar

Prosjektansvarleg skal sende framdriftsrapport til Forskningsrådet til avtalt tid. Forskningsrådet kan gi retningslinjer om innhaldet i rapporten.

Framdriftsrapporten skal gi opplysningar om status for prosjektet, herunder gjennomføring av aktivitetane i samsvar med framdriftsplansen og utviklinga i inntekter og kostnader for prosjektet, og gjere greie for eventuelle avvik og konsekvensane av dei.

Godkjend framdriftsrapport er ein føresetnad for utbetaling av tilskot og innfriing av tilsegner, jf. punkt 3.4.

Vesentlege avvik skal rapporterast skriftleg til Forskningsrådet så snart råd er. Melding om slike avvik skal ikkje utsetjast til framdriftsrapporteringa, jf. punkt 2.1.

### 5.2 Sluttrapport

Prosjektansvarleg skal utarbeide ein sluttrapport.

Med mindre ein annan frist er skriftleg avtalt, skal sluttrapporten vere motteken av Forskningsrådet seinast ein månad etter utløpet av prosjektperioden.

Forskningsrådet skal godkjenne sluttrapporten.

### 5.3 Anna rapportering

Forskningsrådet kan i rimeleg omfang krevje tilleggsrapportar for kortare periodar eller for bestemte delar av prosjektet.

For visse typar prosjekt krev Forskningsrådet prosjektrekneskapsrapport. Dette går fram av avtaledokumentet.

På oppmøding frå Forskningsrådet pliktar prosjektansvarleg så langt råd er vederlagsfritt å medverke til evaluering og resultatmåling av prosjektet i regi av Forskningsrådet. I samband med dette skal ein også gi ei vurdering av kva prosjektsresultata har å seie fagleg og økonomisk. Forpliktinga ligg på prosjektansvarleg i ein periode på inntil 10 år etter levering av sluttrapport med mindre anna er skriftleg avtalt.

Prosjektansvarleg pliktar å gi rekneskap og eventuelt andre statistiske opplysningar om prosjektet til nasjonal forskningsstatistikk.

### 5.4 Rapporteringsform og arkivering

Framdriftsrapportar og sluttrapport skal innleverast på den måten Forskningsrådet krev.

Prosjektansvarleg skal arkivere sluttrapport og prosjektdata på ein trygg måte i minimum 10 år etter avslutta kontraktperiode. Prosjektansvarleg skal sikre at data blir lagra på ein slik måte at dei også vil bli tekne vare på og vere tilgjengelege dersom prosjektansvarleg skulle bli avvikla, oppløyst eller liknande.

Prosjektansvarleg pliktar, dersom rettsleig mogleg, å eigenarkivere fagfellevurderte vitskaplege artiklar som byggjer på forsking heilt eller delvis finansiert av Forskningsrådet i eigna, opne digitale arkiv. Ein føreset at slik arkivering ikkje kjem i konflikt med dei akademiske og juridiske rettane til forfattaren.

### 5.5. Brot på rapporteringsplikt

Brot på forpliktingar når det gjeld rapportering og arkivering blir sett på som stort mishald og gir Forskningsrådet grunnlag for å heve kontrakten, jf. punkt 13.

## ► 6 Forvaltning av personale, rapportering m.m.

### 6.1 Generelt

Dersom anna ikkje er skriftleg avtalt, gjeld følgjande:

- Alt personale som går fram av avtaledokumentet og/eller prosjektbeskrivinga, er å sjå som tilknytt og heilt eller delvis finansiert av prosjektet.
- Forskningsrådet finansierer personalet som tilskot til prosjektansvarleg. Forskningsrådets bidrag til finansiering av personale går fram som Forskningsrådets del av den avtalte totale finansieringsplanen for prosjektet.
- For spesifikke stillingskategoriar og stipend gir Forskningsrådet sitt finanzielle bidrag som rundsumtilskot. Med rundsumtilskot meiner ein eit

- tilskot som ikkje blir korrigert i høve til faktisk kostnad.
- Prosjektansvarleg har personal- og økonomiansvar for eige personale som er knytt til prosjektet, og har *oppgåveplikt* for personlege tildelingar og *arbeidsgivaransvar* for sine respektive deltagarar i prosjektet.
- Prosjektansvarleg syter for utlysing og eventuell tilsetjing i høve til sine retningslinjer og rutinar.
- Eventuelle føringar frå Forskningsrådet med omsyn til personutveljing og liknande skal vere nedfelt i avtaledokumentet.
- Prosjektansvarleg skal informere Forskningsrådet om eventuell framtidig tiltredingsdato for stillingsinnehavaren så snart denne er klarlagd, saman med namn og personnummer på stillingsinnehavaren.

## 6.2 Særskilt om stipendiatar

Den administrative oppfølginga av kvar stipendiat blir teken vare på av prosjektansvarleg i høve til interne retningslinjer og rutinar for vedkommande.

Bruk av stipend skal rapporterast til Forskningsrådet av prosjektansvarleg i høve til Forskningsrådets fastsette rutinar:

- Eventuell endra start- og sluttdato skal meldast Forskningsrådet straks.
- Permisjonar og reduserte *stillingar* i perioden skal rapporterast i framdrifts- og sluttrapport frå prosjektansvarleg.

Spørsmål om permisjonar med heimel i lov eller sentrale avtalar, og som medfører forlenging av stipendperioden, blir avgjort av prosjektansvarleg i høve til retningslinjer for vedkommande. Forskningsrådet skal informerast om faktisk startdato og forskyving av sluttdato.

Dersom ein stipendiat sluttar før kontraktsfesta periode er omme, skal prosjektansvarleg straks melde frå til Forskningsrådet om fråtredingstidspunkt og årsak til avbrotet.

Dersom Forskningsrådet finn at den faglege framdrifta for stipendiaten ikkje er tilfredsstillande, skal dette takast opp med prosjektansvarleg som pliktar å gjere dei moglege og rimelege tiltaka som Forskningsrådet nemner. Dersom prosjektansvarleg finn at det er forhold som tilseier at stipendet bør stansast og/eller avviklast, skal dette takast opp med Forskningsrådet straks.

Prosjektansvarleg pliktar å gi Forskningsrådet melding om dato for godkjend doktorgrad for doktorgradsstipendiatar som er knytte til prosjektet. Prosjektansvarleg skal på Forskningsrådets oppmading oversende Forskningsrådet avhandlingar og andre rapportar.

## ► 7 Eigedomsrett, utnyttingsrett og lisensiering

### 7.1 Forskningsinfrastruktur

Prosjektansvarleg tilkjem eigarskapen til forskningsinfrastrukturen kjøpt av prosjektmidlar, med mindre anna er avtala mellom prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar. Eigarskapen til forskningsinfrastrukturen skal i så fall vere regulert i samarbeidsavtalen.

Prosjektansvarleg pliktar å sjå til at forskningsinfrastrukturen blir halden forsikra, i god stand og i drift i kontraktsperioden. Forskningsrådet kan ved manglande oppfølging av forpliktingane heve kontrakten iht. punkt 13.3.

### 7.2 Prosjektresultat

#### 7.2.1 Generelt

Reglane er baserte på Prinsipp for Forskningsrådets rettspolitikk (vedteke av Hovudstyret 24.4.08).

#### Rettar

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar skal sikre seg rettane til kommersiell utnytting av prosjektresultat, og pliktar om nødvendig å inngå avtalar med eigarar, tilsette (under dette tilsette med fleire tilsetjingsforhold), underleverandørar og andre for å oppnå dette.

Slik rettssikring fører ikkje til noko avgrensing i vernet av dei ideelle interessene til opphavsmannen etter Åndsverklova og er ikkje til hinder for at det blir avtalt vederlagsordningar for opphavsmenn tilsvarannde dei som gjeld for oppfinningar av dei tilsette i samsvar med Lov om rett til oppfinningar av dei tilsette.

#### Vern

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar skal vurdere behovet for vern av prosjektresultat som kan ha forretningsverdi og, når behovet tilseier det, verne desse. Dersom lovgivinga krev at rettane må registrerast for å oppnå vern, skal prosjektansvarleg sjå til at slik registrering blir gjort.

#### Utnyttning

Prosjektresultata skal utnyttast innan rimeleg tid i forhold til eigenarta i bransjen, marknaden, eigenarta i forskningsfeltet, utviklings- og levetida for produktet og korleis det kan utnyttast. Dersom den som har rettane til prosjektresultata ikkje syter for slik utnytting, kan dei personane som har skapt resultata i prosjektet krevje rettane overførde til seg, med mindre noko anna er avtalt mellom prosjektansvarleg og dei personane som har skapt resultata, eller mellom partane i prosjekt med samarbeidspartnarar. Dette gjeld likevel ikkje dersom:

- det er sett i gang tiltak for utnytting og denne prosessen går føre seg
- ikkje-utnytting av eit prosjektresultat for rettshavarane har kommersiell verdi for utnyttinga av andre prosjektresultat frå rettshavarar.

**Overføring av resultata til utanlandske rettssubjekt**  
Overføring av eigarskap og/eller lisensiering av eksklusive rettar til prosjekteresultata til ein tredjepart som ikkje er samarbeidspartner og som er etablert i eit land utanfor EØS-området, krev Forskningsrådets skriftege godkjenning. Forskningsrådet kan nekte slik overføring/lisensiering dersom den vil vere i strid med norske økonomiske interesser, etiske prinsipp eller omsynet til den nasjonale tryggleiken. Forskningsrådet kan alternativt setje vilkår for overføringa/lisensieringa. Samtykke skal sjåast som gitt dersom Forskningsrådet ikkje svarer på oppmodinga om godkjenning innan fire veker etter mottak av skriftleg melding. Avgjerala gjeld pågående prosjekt og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

**Endring i eigarforhold – utanlandske eigarar**  
Dersom ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtek bestemmande kontroll over prosjektsvarleg – ved å skaffe seg selskapsdelar (aksjar m.m.), ved avtale eller på annan måte – skal Forskningsrådet varslast straks. Slik varsel skal skje skriftleg. Tilsvarande pliktar prosjektsvarleg å skriftleg varsle Forskningsrådet straks dersom ein person eller eit føretak utanfor EØS-området etter at kontrakten er inngått overtek bestemmande kontroll over samarbeidspartnerar.

Dersom endringane i eigarforhold inneber at prosjekteresultata kan bli brukte i strid med norske økonomiske interesser, etiske prinsipp eller omsynet til rikstryggleiken, har Forskningsrådet rett til å stille vilkår med omsyn til prosjektet og prosjekteresultata, under dette heilt eller delvis vederlagsfri overføring av prosjekteresultata eksklusivt til Forskningsrådet, eller heve avtalen i høve til punkt. 13.3. Regelen gjeld pågående prosjekt og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

## 7.2.2 Tilleggsreglar for prosjekt med samarbeidspartnerar

### Rettar

Prosjektsvarleg og samarbeidspartnerar skal inngå avtale(ar) som m.a. regulerer prinsippa for korleis eigeds- og utnyttingsretten skal fordelast og forvaltast mellom deltakarane og korleis eventuelle prosjekteresultat skal vernast. Forskningsrådet kan avgrense tilgangen for deltakarane til fritt å avtale korleis rettane skal fordelast, ved reglar gitt i avtaledokumentet (artikkel 8).

### Samarbeidsavtale(ar)

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for samarbeidsavtalen(ane) som skal inngåast i høve til punkt 2.2:

- Bruk av og eventuell godtgjersle for prosjektbakgrunn og forskningsinfrastruktur som kjem inn i prosjektet, skal regulerast.

- I prosjektpérioden skal prosjektsvarleg og samarbeidspartnerar ha vederlagsfri tilgang til prosjekteresultata som kjem fram i prosjektet og som er nødvendige for gjennomføringa av eige arbeid i prosjektet.
- For kommersiell utnytting skal prosjektsvarleg og samarbeidspartnerar ha tilgang til prosjekteresultat og prosjektbakgrunn som kjem inn i prosjektet til avtalte vilkår når det er nødvendig å utnytte prosjekteresultat dei sjølv har rettar til i prosjektet. Prinsipp for fordeling av prosjekteresultat og tilgangsrettar skal regulerast i samarbeidsavtalen(ane).
- Forskningsinstitusjonane, under dette helseføretaka, bør ha rett til å overta eigeds- eller utnyttingsretten til dei resultata i prosjektet som ligg utanfor forretningsinteresseområda til dei andre samarbeidspartnerane og prosjektsvarlege. Interesseområda for forretningsdelen til deltakarane bør vere definert i samarbeidsavtalen (ane).
- Undervisningsinstitusjonane, under dette helseføretaka, bør, eventuelt etter ei avtalt tid, vederlagsfritt kunne nytte prosjekteresultata til undervisnings- og forskningsformål.

## ► 8 Offentleggjering av prosjektresultat m.v

Prosjektsvarleg pliktar som hovedregel å gjere prosjekteresultat kjent så snart som mogleg, herunder bl.a syte for at dei formidlingstiltaka/-planane som er oppgitt i søknaden og kontrakten blir gjennomførde.

Dersom offentleggjering er til hinder for vern eller kommersiell utnytting av resultata, kan offentleggjering utsetjast mellombels. I prosjekt med samarbeidspartnerar skal prosjektsvarleg sjå til at slik utsetjing blir avtalt skriftleg mellom dei involverte deltakarane.

Forskningsrådet kan i særskilde tilfelle skriftleg samtykke til varig hemmeleghald av prosjekteresultata. Dette gjeld ikkje for prosjekt med deltakarar frå universitets- og høgskolesektoren, der universitets- og høgskolelova er til hinder for slike varig hemmeleghald.

Forskingsgenererte data skal sjåast som allment tilgjengelege når prosjektet er avslutta, så sant ikkje særlege grunnar tilseier noko anna eller det ligg føre kontraktsvilkår eller offentlege reglar som hindrar det.

Prosjektsvarleg og/eller samarbeidspartnerar skal i sin utoverretta informasjon i tilknyting til prosjektet omte bidraget og finansieringsordninga frå Forskningsrådet.

Forskningsrådet har rett til å offentleggjere prosjekttittel, sitt finansieringsbidrag og prosjektsamandrag.

Forskningsrådet kan offentleggjere resultat som er rapporterte i samband med framdrifts- og

sluttrapportering med mindre opplysningane er underlagde teieplikt.

Forskningsrådet kan i rimeleg omfang krevje at prosjektansvarleg opprettar heimeside for prosjektet og at tilsette og andre deltakarar i prosjektet er med på seminar, konferansar og andre formidlings- og nettverkstiltak.

## ► 9 Trumål

Forskningsrådet er omfatta av lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemeld 19. mai 2006 nr 16 (offentleglova) og reglar om teieplikt i lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker 10. februar 1967 (forvaltningslova).

Prosjektansvarleg samtykkjer i at Forskningsrådet kan stille forskningsadministrative data om prosjektet til rådvelde for forsking. Samtykket føreset at Forskningsrådet sikrar at data blir anonymiserte ved eventuell offentleggjering av forskningsresultata. Med forskningsadministrative data meiner ein opplysningar om prosjektansvarleg, prosjektleiing, finansiering av prosjektet o.l.

Teieplikta er ikkje til hinder for formidling av opplysningar dersom det kan krevjast av styresmakter eller domstolar i høve til gjeldande lovgiving.

## ► 10 Overdraging

Prosjektansvarleg kan ikkje overdra, pantsetje eller på annan måte disponere over kontrakten eller delar av kontrakten, under dette tilskot og tilseigner frå Forskningsrådet, til andre utan etter Forskningsrådets føregåande skriftlege godkjenning. Samtykke til pantsetjing må godkjennast av Forskningsrådets økonomidirektør.

## ► 11 Ansvarsfritak

Prosjektansvarleg skal halde Forskningsrådet skadeslaus for kvart krav som måtte oppstå i samband med gjennomføringa av prosjektet, under dette krav som følger av inngrep i immaterielle rettar.

Forskningsrådet har ikkje noko juridisk eller økonomisk ansvar for skade eller tap som følgje av m.a. feil ved, eller ukunnig bruk av, utstyr, metodar eller program som er knytte til prosjektet.

## ► 12 Force majeure

Kvar av partane skal utan grunnlaust opphald varsle den andre parten dersom eit force majeure-tilfelte hindrar vedkommande part frå å oppfylle forpliktingane sine etter kontrakten.

Ingen av partane er ansvarleg for manglande oppfølging av forpliktingane sine etter kontrakten som følge av force majeure.

I tilfelle force majeure inneber risiko for at prosjektet ikkje kan gjennomførast i høve til kontrakten, skal partane møtast for å forhandle om nødvendig justering av kontrakten. Dersom partane ikkje blir samde om slik justering, kan Forskningsrådet stoppe utbetaling av tilskotet inntil force majeure-tilfellet sluttar.

Dersom force majeure-tilfellet er venta å vare eller har vart i meir enn 90 dagar, kan kvar av partane seie opp kontrakten med ein månads varsel.

## ► 13 Kontraktstid og -oppheyr

### 13.1 Generelle reglar

Kontrakten gjeld frå det tidspunkt den er underteikna av begge partar og Forskningsrådet har motteke kontrakten og kopí av eventuelle signerte samarbeidsavtalar. Kontrakten opphører utan varsel når prosjektet er avslutta og sluttrapport innleverert og godkjend, med mindre kontraktsperioden opphører tillegare i høve til pkt 12 eller 13.2 flg.

Kontraktsoppheyr medfører ikkje opphør av kontraktsreglar som etter sin art ikkje er avgrensa til kontraktstida. Dette gjeld m.a. reglane om prosjektrekneskap, rapportering, overdraging av prosjektresultat, offentleggjering m.m.

### 13.2 Oppseiing

Partane kan ved skriftleg semje avvikle avtalen før prosjektperioden går ut.

### 13.3 Heving

Heving skal skje skriftleg ved rekommendert brev og grunngivast.

Forskningsrådet kan heve kontrakten med direkte verknad dersom prosjektansvarleg i stor grad har mishalde sine forpliktingar. Som vesentleg mishald reknar en m.a at:

- det ligg føre vesentlege avvik i forhold til framdriftsplanen eller andre forhold regulert i kontrakten.
- prosjektansvarleg driv verksemeld som er uforlikleg med gjeldande lovgiving eller Forskningsrådets formål og retningslinjer.
- prosjektansvarleg ikkje vil, eller er i stand til, å fullføre prosjektet.

Vidare kan Forskningsrådet heve kontrakten med direkte verknad dersom:

- ein person eller eit føretak utanfor EØS-området tek over bestemmande kontroll over prosjekt-ansvarleg, og vilkåra i punkt 7.2.1 siste avsnitt er oppfylte
- det er meldt oppbod eller opna konkurs eller akkordforhandlingar hos prosjektansvarleg, eller det på anna grunnlag ligg føre sannsynsovervekt for at prosjektansvarleg er insolvent

- verksemda til prosjektansvarleg er vedteke oppløyst, eller dersom det ligg føre sannsyns- overvekt for at vilkåra er oppfylte for å treffe ei avgjerd om tvangsoppløysing av verksemda
- sentrale føresetnader for kontraktsforholdet sviktar, under dette m.a. at Forskningsrådet ikke får dei nødvendige midlar stilt til rådvelde, eller det skjer endringar i offentlege reguleringar eller oppstår andre uføresette omstende som har noko å seie for gjennomføring av prosjektet eller Forskningsrådets evne til å medverke til dette, jf. punkt 3.4.

Prosjektansvarleg kan heve kontrakten med direkte verknad dersom Forskningsrådet i stor grad har mishalde forpliktningane sine.

Dersom Forskningsrådet hevar kontrakten på grunn av at prosjektansvarleg i stor grad har mishalde forpliktningane sine, kan Forskningsrådet krevje tilbakebetaling av utbetalte tilskot, med tillegg av forseinkingsrenter i høve til gjeldande lov om renter ved forseinka betaling frå hevingstidspunktet. Dersom Forskningsrådet ikke krev tilbakebetaling, kan Forskningsrådet krevje overføring av rettane til prosjektresultata.

Ved vesentleg mishald av kontrakten, kan Forskningsrådet krevje overlevering utan vederlag til seg sjølv eller andre av forskningsinfrastruktur som er kjøpt for prosjektmidlar. Krav om overlevering skal skje skriftleg, og prosjektansvarleg pliktar å overlevere utan opphald. Prosjektansvarleg skal dekkje kostnadene ved overleveringa. Eigedomretten går over frå prosjektansvarleg til Forskningsrådet eller tredjepart ved levering.

## ► 14 Endringar

Forskningsrådet kan gjere dei endringane som framgår av kontrakten. Utover dette føreset eventuelle endringar semje mellom partane. Alle endringar skal nedfellast skriftleg.

## ► 15 Lovval/verneting

Avtalen er undergitt og skal tolkast i samsvar med norsk rett.

Eventuelle tvistar skal avgjeraast ved dei ordinære domstolane. Oslo tingrett kan vedtakast som verneting.

Dersom prosjektansvarleg er ei statleg verksemd, skal eventuelle tvistar leggjast fram for Kunnskapsdepartementet som tek stilling til korleis tvisten skal avgjeraast.

***Generelle vilkår for FoU-prosjekt  
gjeldande frå 01.01.2012  
Nynorsk***

*Utgitt av Noregs forskningsråd  
Postboks 2700 St.Hanshaugen  
0131 OSLO  
Tlf 22 03 70 00*

*[www.forskningsradet.no](http://www.forskningsradet.no)  
post@forskningsradet.no.  
trykt november 2011*